

Saksgang ryddeprosess på gbnr 85/8

Saksgang med tidslinje

L – Landbruk

M - Miljø

PMF - Grunneigar

LNR – Norsk Landbruksrådgjeving

Tidspunkt	Kven	Kva	Sak.nr
10.12.19	Kommune M	Pålegg om rydding av plast	19/5419
17.04.20	Kommune L+M + Mattilsynet	Kontroll av tal dyr i forhold til søknad PT Kontroll av ureining etter informasjon	20/3790
23.04.20	Kommune M	Framlegg av rapport etter tilsyn, ber om tilbakemelding	20/4069-1
24.05.20	PMF	Kommentar til tilsynsrapport	20/4069-3
27.05.20	Kommune L	Notat ang. landbruksdrift og ureining	20/4069-4
01.07.20	PMF	Ønsker kontakt med rådgjeving ang. driftsplan	
07.08.20	Kommune M	Saksframlegg – krav om tiltak	20/4069-2
10.08.20	Kommune M	Melding om delegert vedtak – krav om tiltak	20/4069-5
19.08.20	Kommune M	Utfyllande opplysningar	20/4069-6
07.09.20	Kommune L	Tillegg til vedtak i sak, frist for ferdig rydding utsett	20/4069-8
09.09.20	Kommune L	Informasjon til Statsforvaltar (Fylkesmannen)	20/4069-9
15.10.20	Kommune L + PMF	Driftsplan og planstrategi for rydding	20/4069-10
15.10.20	PMF	Føreslår LNR som samarbeidspart	
25.11.20	LNR	LNR stadfestar at dei kan vera ansvarleg samarbeidspart i rydding	
01.12.20	PMF	Avtaleutkast om rydding sendt til LNR	
09.12.20	LNR	Ønsker vidare avklaring før dei kan inngå avtale	
16.12.20	Kommune L	Info. om saksutviklinga til Statsforvaltaren	
05.01.21	LNR	LNR opplyser at dei ikkje vil vere part i opprydding	
13.01.21	Kommune L	Har kontakt med Geminor, vidareformidlar til PMF	
15.01.21	PMF	Stadfestar kontakt med Geminor	
29.01.21	Kommune L	Teamsmøte med Geminor, Tilrettelegging og metode for rydding	
30.01.21	Kommune L+M +PMF	Møte for å sikre vidare framdrift med omsyn til strategi og samarbeidspart	
30.01.21	PMF	Tiltaksplan for rydding	
15.03.21	Kommune M	Varsel om pålegg til å gi opplysningar	20/4069-11
18.03.21	Kommune M	Førespurnad til Norconsult	
18.03.21	Kommune M	Førespurnad til Asplan Viak	
23.03.21	Kommune L+M	Tilsyn etter varsel om brenning av avfall mm.	20/4069-12
25.03.21	Kommune M+PMF	Underskriven intensjonsavtale om rydding	

09.04.21	Kommune L	Førespurnad til EnviDan	
14.04.21	Kommune M	Førespurnad til Multiconsult om fagleg bistand	
22.04.21	Kommune M+L	Teamsmøte med Multiconsult. Dei kan ta oppdrag i saka.	

Denne saka kan sjåast som ei vidareføring av ulike forhold rundt drifta på garden. Tidlegare avdekkja avvik etter lovverket, har i ein grad blitt retta, men ikkje endeleg fjerna. Så har drifta fortsett med same struktur, og dei ulike avvika rundt ureining har akkumulert til nivået som var då tilsynet vart gjort 17 april -20. Det er viktig å poengtera at tilsynet var todelt, der produksjon og dyrehald var eine delen. Konklusjon på dyrehald var at dyra hadde tilfredsstillande vilkår, og dyra var reine og friske. Men den delen som gjekk på ureining og gjødselhandtering avdekkja betydelege avvik i omfang og utbreiing.

Tidlegare prosessar for å rette opp i avvik, har ikkje ført til ønska omlegging i jordbruksdrifta. Dette kan ha fleire årsaker, men vil enklast kunne forklarast som «systemsvikt». I perioden 2009 til 2012 hadde forvaltninga ei omfattande oppfølging av drifta på garden, som gav eit resultat, men ikkje varig endring. Dette var ein ressurskrevjande prosess for alle partar med marginal gevinst og marginal endring av driftsopplegg.

Derfor er det naudsynt å søke å løyse dei aktuelle problemstillingane gjennom ei anna tilnærming enn reine sanksjonar i forhold til regelverket, med påfølgande retting av avvik etter minste kriterium. Sanksjonar er viktig for å oppnå eit ønska resultat, men det bør òg vera ein gevinst samtidig med dette. Gevinsten i dette tilfellet er at jordbruksdrifta blir sikra eit ressursgrunnlag for vidare drift. Då får ein dobbel effekt. Og legg ein til rette for konstruktivt samarbeid, så blir det trippel effekt. Dette samarbeidet bør ha ein samla visjon for kva ein ønsker å oppnå. Frå kommunen si side er rydding av all ureining, god gjødselhandtering og ein ressurstilpassa jordbruksproduksjon målsetjinga. Det vil vera nærliggjande å tru at det same gjeld for grunneigar.

Ser ein så litt analytisk på dette, vil samarbeidet vera vedteken strategi for å nå målsetjinga.

Målsetjinga ein ønsker å oppnå, er frå kommunen si side følgjande:

- Rydding av alle ureina areal
- Etablera ein driftsplan tilpassa driftsapparat og arealressursar
- Grunneigar utfører arbeidet etter plan og tek kostnadane
- Omfatta areal skal etter ferdig rydding ha god produksjonsevne

Rydding av ureina areal og rigging av ei tilpassa jordbruksdrift vil vera ressurskrevjande. For å ha likviditet til å gjennomføre pålagte tiltak så er det av den grunn viktig å ha ein stabil kontantstrøm gjennom ein god jordbruksproduksjon, og samtidig ha ei tidsramme som er tilpassa. I det ligg at ei kortare tidsramme set større krav til likviditeten og dermed aukar risikoen og skaper usikkerheit rundt det å få gjennomført tiltaka på ein god måte. Ein må òg pårekne at ei lengre tidsramme vil gi betre kvalitet på sluttresultat. Tidsramme for gjennomføring vil avhenge av vilkår, metode for rydding, økonomisk ressursgrunnlag og krav til sluttresultat. På den andre sida så må ikkje tidsramma vera så lang at den svekker konsentrasjonen for å gjennomføre ein effektiv prosess med god kvalitet.

Gjennomføring av tiltaka vil krevje høg utmåling av kompetanse for å sikre god metode- og ressursbruk. Eit viktig moment er rolleavklaringar i forhold til dei prosessane som kjem til å gå i forhold til gjennomføring av tiltaka. I vedtak for rydding så er det krav om at ein kompetent tredjepart skal førestå opprydding og planlegge vidare jordbruksdrift. Grunneigar og kommune har hatt fleire forsøk på å finne føretak som kan ta dette oppdraget, men det har vore vanskeleg. Det kan

vera ulike årsaker til dette, men det er liten tvil om at dette oppdraget er krevjande med høg risiko. Denne type ureining synest å vera «ukjent landskap» for dei fleste aktørane, og det er nok ei årsak til at oppdraget blir valt bort. Det har nå lukkast å finne ein part som kan handtera dette oppdraget.

Som vist til tidlegare, pålegg kommunen grunneigar å bruke ein tredjepart som ansvarleg samarbeidspart i planlegging og gjennomføring av pålagde tiltak, og kommunen er her tiltenkt rolla som tilsynspart. I tida som har gått etter at vedtak vart gjeve, så ser ein at det er eit behov for å endre denne tilnærminga gjennom endra roller i organiseringa. Denne endringa blir gjort av praktiske og økonomiske årsaker. Ein tredjepart som er lokalisert i Bergen (Multiconsult) vil ha ein kompleks og kostbar arbeidssituasjon ved ei tett og tidkrevjande oppfølging av ryddinga, medan kommunen sine representantar kan utføre dette med avgrensa tids- og ressursbruk. Kommunen tek den operative rolla i staden for ekstern aktør. Dette er element som er viktige å få med inn i prosessen for å redusere risikofaktorar.

Planen inneber då at tredjepart (Multiconsult) utarbeider mål og metode for arbeidet, og kommunen tek ei rolle som går på å leggje til rette og følgje opp ryddearbeidet etter definert målsetjing og tidsplan. Tredjepart (Multiconsult) vil saman med grunneigar, kommune, Statsforvaltar og andre, finne metodebruk og resultatmål for arbeidet. Godkjenning av utført rydding vil bli gjort etter resultatmål.

Når det gjeld endeleg godkjenning så vil kommunen ha godkjenningsmynde av resultatmål med bakgrunn i Forurensingslova og Jordlova.

Grunneigar er nå godt i gang med rydding rundt driftssenteret

Partane underteikna 25.03.21. ein intensjonsavtale om ryddinga, basert på dei elementa som er beskrivne her.

Multiconsult vil saman med grunneigar og kommune ha ei første felles synfaring og planlegging i midten av mai -21.